



Friheim Gardsmat får bestilling heilt frå Thailand på pinnekjøttet sitt, opplyser Bjørg Inga Miljeteig til Grenda. Dei fleste bestillar tidleg, slik at Friheim er så å seia bortbestilt til jul.

Ho fortel at dei har mange lokale kjøparar av Friheim-produkta som er faste, men ellers kjem dei frå heile kommunen.

Ofte kjem det også turistbussar og campinggjestar som får prøvesmake litt og sjå på anlegget.

No om sommaren sel familien mykje grillpølser, kjøttpølser og bacon/ostepølse.

Spekemat lagar dei av geit og hjort. Hjorten skyt dei sjølv. Det er vanskeleg å få tak i geitekjøtt og dei skulle gjerne hatt meir.

Andre produkt dei lagar er mårpølse og ølpølse. Kjøttet får dei frå Fatland.

Dei heimelaga grillpølsene er ein suksess og favoritten for mange.

Om hausten lagar dei mat kanskje berre ein gong i veka. Om sommaren er det mindre, berre nokre gongar i månaden. Men alle produkta tek det meire enn ein dag å lage.

På biletet presenterer Bjørg Inga pinnekjøttet.

(Foto: Ola Matti Mathisen)